



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 05.11.2014
Tid: 13:00 – 16:05

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF
Arne Prestbø	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Torgeir Steien	Konst. leiar plan og utvikling
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift

På informasjonsmøte om budsjett kl. 09:00 – 13:00 møtte ovannemnde, pluss utvalsleiarar Torstein Grimen (plan og miljø) og Thoralf Røen (oppvekst og omsorg), og gruppeleiar i FRP Sigurd Andre Maraas.

Frå administrasjonen møtte skulesjef John Karsten Raunholm, kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland og leiar for Stord Fitjar Landbruks- og miljøkontor Geir Røssland.

Vedtak i budsjettsaka vart gjort i formannskapet etter kl. 13:00.

Mot slutten av informasjonsmøtet kom Alf Anvedsen frå Norsk forbund for utviklingshemma. Han orienterte om bustadprosjekt i Haugesund for ungdommar med utviklingshemming/funksjonshemming, og svarta på spørsmål frå formannskapet.

Wenche Tislevoll
Ordførar

Lars Ove Rimmereid

Arne Prestbø

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 90/14	Godkjenning av protokoll	
PS 91/14	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018	
PS 92/14	Saker handsama etter delegering	
PS 93/14	Meldingar	
PS 94/14	Omorganisering av reiselivsarbeidet i Hordaland, fråsegn	
PS 95/14	Ny kommunestruktur prosess	
PS 96/14	Scenario Fitjar Sentrum	
PS 97/14	Beredskapsplan	
PS 98/14	Ymse	

Når det gjeld utsending av saker u.off. har desse stort sett vore sendt ut til medlemne på papir. Formannskapet ynskjer å få også desse sakene på iPad. Administrasjonen syt for at saker u.off. vert sende til medlemne på iPad for ettertida i eiga sending. Mottakarar pliktar å sletta saker u.off. frå iPad etter handsaming i møte.

Framlegg om å handsama meldingar etter Ymse i Formannskapet sine møter. Dette vil verta praksis f.o.m. neste møte.

Saksliste og innkalling godkjent med desse merknader.

PS 90/14 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 17.09.2014.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Merknad frå ordførar Wenche Tislevoll (H): Ikkje notert i protokollen at representanten Lars Ove Rimmereid gjekk frå møtet etter handsaming av sak PS 78/14. Dette blir korrigert i protokollen.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg, med merknad.

PS 91/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018

Framlegg til vedtak:

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) gjekk gjennom saksgangen vidare for den politiske budsjetthandsaminga. Formannskapet kom med synspunkt til budsjettframlegget. Skryt til administrasjonen for godt utforma budsjettokument. Formannskapet drøfta prosessen for handsaming av budsjettet i formannskapet, før det blir lagt ut til høyring.

Framlegg til vedtak frå representanten Wenche Tislevoll (H):
Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare.
Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare innafør eige budsjet.

Vedtak: (Samrøystes)

Budsjettet vert sendt utval for oppvekst og omsorg, utval for plan og miljø, eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma for uttale. Formannskapet ber utvala drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare.
Formannskapet skal også drøfta omprioriteringar og tiltak som kan redusera drifta ytterlegare innafør eige budsjet.

PS 92/14 Saker handsama etter delegering

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek delegeringssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 93/14 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Utdelt i møte:

Melding om skatteinngang oktober 2014

Meldt i møtet:

- ✓ Kulturminneplan
- ✓ Status E-39 – ordføraren orienterte om ulike nemnder og råd involvert i arbeidet med E-39
- ✓ Referat frå samarbeidsrådet 17.09. og 11.10.
- ✓ Referat frå møte med idrettslaget.

Munnlege orienteringar:

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte vedk. rusbustader. To einingar skal vera på plass i Årskog om ca 1 mnd. Det vert lagt til rette for den tredje eininga, denne kjem på eit seinare tidspunkt.

Rådmann Atle Tornes orienterte om veg til Dåfjord. Alternativ trase lengst vest anbefalast. Det er antyda kostnad på kr. 8.000 - 14.000 pr. meter pluss moms, vegen vil bli ca 2.700 –

2.800 meter. Det vert jobba med finansiering av prosjektet. Vidare orientering i neste møte.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 94/14 Omorganisering av reiselivsarbeidet i Hordaland, fråsegn

Framlegg til vedtak:

1. Fitjar kommune ønskjer å halda fram arbeidet med å marknadsføra og utvikla reiselivet saman med dei andre Sunnhordlandskommunane gjennom det etablerte samarbeidet i VisitSunnhordland. Kommunen ser ikkje at det ligg føre eit fagleg grunnlag for å avvikla VisitSunnhordland, og konsekvensane av ei nedlegging er heller ikkje synleggjort. VisitSunnhordland bør vurderast å inngå eit nærare samarbeid med Bergensregionen.
2. Dersom Hordaland fylkeskommune vil leggja om verkemiddelpolitikken mot tre reisemålsselskap i fylket, må det gjerast ei nærare utgreiing av dei forholda kommunen peiker på over. Ei organisering i ein Bergensregion må eventuelt skje med eit samla Sunnhordland. I eit slikt samarbeid må det vera eit vilkår at Sunnhordland 'synest att' og får ein klar profil i marknadsføringa. Det må vidare vera ein føresetnad at det vert oppretthalde eit lokalkontor med særleg ansvar for reiselivet i Sunnhordland.
3. Kommunen legg til grunn at Hordland fylkeskommune ikkje legg opp til ei omorganisering av reiselivet som krev auka økonomisk medverknad frå kommunane i Sunnhordland.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 95/14 Ny kommunestruktur prosess

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka. Formannskapet drøfta det vidare arbeidet for Fitjar kommune sin prosess når det gjeld kommunestruktur.

Vedtak:

Det vart sett opp møte i referansegruppa tysdag 11. nov kl. 13:30, for å drøfta spørsmåla og leggja plan for vidare arbeid.

PS 96/14 Scenario Fitjar Sentrum

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Vidare planlegging av Scenario Fitjar sentrum skal leggja til grunn at FV 545 skal gå igjennom sentrum.

Arbeidet med omkjøringsveg vert å leggja bort.

Det vert å starta arbeid med planlegging, regulering av sentrum, rådhuskvartalet, Fitjarsjøen og eit naturleg tilknytt område. Midlar til vår del vert i tilfelle å ta av disposisjonsfondet.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Rådmann Atle Tornes presiserte at med Fitjarsjøen meinast 'tilknytning til Sjøsbrekko'.

Formannskapet drøfta saka.

Framlegg frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Formannskapet utset saka til etter nyttår.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet utset saka til etter nyttår.

PS 97/14 Beredskapsplan

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek beredskapsplan for Fitjar kommune som framlagt.

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte.

Saka er unnateke offentlegheit grunna opplysningar i saksframlegget om tlf.nr. som ikkje skal vera offentleg kjende. Saka vart handsama i ope møte med atterhald om at dersom opplysningar underlagde teieplikt skal omtalast, vert møtet lukka.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 98/14 Ymse

Behandling i Formannskapet - 05.11.2014:

Spørsmål frå representanten Lars Ove Rimmereid (SP): Bør kommunen endra salsstrategi for tomtar på Årskog industriområde?

Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Alle interessentar for kjøp av tomt i Årskog har vore handsama i formannskapet, og dette vil ein halda fast med vidare.

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Ordføraren er invitert til Fylkestinget 19.11.14 på Stord hotell. Ho vil presentera saker som er viktige for Fitjar, ynskjer innspel frå politikarane på saker som kan tas opp her.

Midtfjellet Vindkraft har sendt søknad til NVE om å setja opp 12 nye vindmøller. Formannskapet skal ha møte med styret i Midtfjellet Vindkraft 25.11.14.